



Grillmeister Tore Mathiesen arbeide under høgtrykk

Det ligger med omsyn til veret an til ei Josokfeiring av de sjeldne og fleire stader i dalen er førebuingane i full gang.

Lengst har dei nok kome ved Fjellandsbøvatnet, der bygdefolket har markert denne spesielle kvelden i snart 30 år.

Allereie ved 17-tida var rundt rekna 50 på plass og kosa seg.

- Vi har ikkje noko stramt program, vi tar alt på sparket, sa grillmeister Tore Mathiesen, som naturleg nok frista med Friheim-pølse og fekk mange lovord for ho.

Det er ved Nygårdshaugen folket frå Haugland og Musland med vener og kjente plar samla seg på Josokafta kvart år og rundt 18-tida tenner dei bålet.

Det er ei effektfull oppleving her under Nåso, særleg når veret er slik som no.

(Foto: Ola Matti Mathisen)



Snart klart for båltenning ved Fjellandsbøvatnet